

Sylinder

Nødvendig utstyr:

- Høgt og smalt glas eller flaske med tett lokk, til dømes ei Imsdal-flaske
- Vatn
- Sand med ulik størrelse på sandkorna (blanding av fin og grov sand). Ikkje bruk leire eller grov grus! Dersom du hentar sand i fjøra, kan det vere lurt å sile vekk dei største steinane først.



Førebu eksperimentet:

- 1) Fyll glaset omlag 1/6 fullt med sand.
- 2) Fyll vatn oppi glaset til det er heilt fullt.
- 3) Skru att lokket.



Gjennomføring:

Snu sylinderen opp ned. Kva skjer?

I klasserommet:

Sylindren skal kunne stå fritt på eit bord eller golv slik at elevane sjølv kan snu og riste den. Den skal innehalde alle kornstorleikar frå meget fin grus til og med silt. Leire blir utelukka for å hindre grums. Elevane skal snu sylindren og sjå kva som skjer, kva for ein kornstorleik som blir sedimentert fyrst, og kva som skjer med dei mest finkornige sedimentane.

Forklaring:

Breelver transporterer sediment (stein, grus, sand, silt og leire). Mengden vatn/energi i elva avgjer kva for ein kornstorleik som kan bli frakta, dei største steinane er dei som først synk til botns, medan dei minste leirekorna kan halde seg lenge svevande i vatnet. Breelva munner ut i fjorden, og sandkorna og leiren synk til botns og byggjer opp eit delta der elva møter fjorden. Sedimenta gjer at breelva og fjorden den munnar ut i, ser grøne ut når det er mykje smelting.

Aktuelle spørsmål:

1. Kva for ein farge har breelva om sommaren?

- ⇒ Breelva er grøngrå og lite gjennomsiktig.
- ⇒ Breelva er blank og gjennomsiktig.
- ⇒ Breelva har klar, lyseblå farge.

2. Kvifor har breelva denne fargen?

- ⇒ Breelva inneheld heilt reint vatn frå breen, utan bakteriar eller smådyr.
- ⇒ Breelva inneheld algar.
- ⇒ Breelva transporterer sediment og desse gjer at elva ser grumsete ut.

3. Når er det mest vatn i elva og kvifor?

- ⇒ Det er mest vatn i elva om vinteren når det snør mykje.
- ⇒ Breelva er størst i perioden mai til oktober grunna mykje smelting på breen.
- ⇒ Det er mest vatn rundt påsketider.

4. Kvar blir eit delta bygt?

- ⇒ Eit delta blir bygt på land.
- ⇒ Breelva byggjer deltaet under breen.
- ⇒ Eit delta blir bygt der breelva renn ut i fjorden.

Svar på spørsmåla:

1. Breelva er grøngrå og lite gjennomsiktig.
2. Breelva transporterer sediment og desse gjer at elva ser grumsete ut.
3. Breelva er størst i perioden mai til oktober grunna mykje smelting på breen.
4. Eit delta blir bygt der breelva renn ut i fjorden.